

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	Tema: Retorikk og saktekst - Forstå ulike argumentstypar - Kunna bruka og finna retoriske verkemiddel - Kunna reflektere kring om forfattaren sine val av verkemiddel fungerer
Engelsk	Tema: The English Speaking World Reading, writing and speaking about Nigeria, South Africa and Australia and talk about how English is a global language
Matematikk	Tema: Grafar og funksjonar Teikna grafar til eksponentialfunksjonar ved hjelp av grafteiknar (GeoGebra), og bruka grafen til å finna informasjon
Samfunnsfag	Tema: Den kalde krigen - Gjera greie for årsaker til og konsekvensar av den kalde krigen - Kunna trekkja historiske liner fram til i dag - Forklara ulike måtar for å fordele makt og styre eit samfunn - Kunna vurdere den kalde krigen ut frå ulike perspektiv - Forklara kva teknologi har å seia for enkeltmennesket og samfunnet
KRLE	Tema: Urfolksreligionar Gjera greie for og reflektere over religions- og livssynstradisjonar hos samane og andre urfolk
Naturfag	- Gjera greie for kva ei vaksine er, og forklara korleis han fungerer - Finna dagsaktuell forskning på vaksinar og beskriva korleis vaksiner blir utvikla, testa og tatt i bruk på menneske
Kunst og handverk	- Kunne bruka materialar og reiskapar på ein god måte og få fram det uttrykket du ynskjer. - Kunne bruka målarpenselen og få fram ulike uttrykk. - Kunne bearbeide eit bilete og få fram kontrastar og skuggar.
Spansk	- Arbeid med spansktalande land: Bruk av HAY, SER, ESTAR og TENER - Spansktalande land og kultur: Sør-amerika - Repetisjon av ulike verbtider: Presens perfektum, Gerundium og Futurum.
Tysk	- Kunna bruka tysk munnleg og skriftleg - Kunna bøya verb i nå-, for- og framtida - Kunna bruka kasus av substantiv - Kunna snakka om forskjellige daglegdagse tema, samt at presentere eit sjølvvalte eventyr og føre ein fri samtale
Eng fordjuping	- Kunna bruka vokabular knytt til yrke og yrkesval - Kunna samtala om vidaregåande utdanning i Noreg på engelsk
Musikk	Laga protestlåt/rap med eigenprodusert lydfil frå Garageband og eigenskriven tekst.
Kantine	- Vita kva vurderingskriteria for faget er - Planlegga dei praktiske øktene - Laga god og ernæringsriktig mat - Halda god hygiene - Jobba med rekneskap og plakatdesign - Gjennomføra sal - Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter

Friluftsliv	• Planlegga eigentur. Sporlaus ferd
Design	• Redesigna i ulike materiale på ein kostnadseffektiv og miljømedviten måte.

INFORMASJON TIL HEIMEN

Elevsamtalar og utviklingssamtalar

Lærarane vil i løpet av veke 7 og 8 gjennomføre elevsamtalar med elevane. Her får dei høve til å fortelje om korleis dei har det på skulen og dei får tilbakemelding på korleis dei ligg ann fagleg.

Utviklingsamtalar er denne gongen valfritt. Om ein ønskjer å ha utviklingssamtalar, må ein gi beskjed til kontaktlærar.

Studentar

Frå veke 6 til og med veke 8 vil det vere studentar frå UiS på trinnet. Vi håpar alle elevane tek dei godt i mot.

Vinterferie

I veke 9 er det vinterferie! Vi håpar alle slappar av og ladar godt opp.

Prøvemunnleg

Veka etter vinterferien, veke 10, skal elevane igjen gjennomføre prøvemunnleg. Dette gjennomførte vi på slutten av 9.trinn òg. Målet med dette er at elevane skal få erfaring med korleis ein gjennomfører munnleg eksamen. Elevane får då vite kva fag dei skal ha på onsdagen. Då får dei utdelt fagrapport og skal førebu seg. På torsdagane skal dei ha ei rettleiingsøkt med faglærar og trekkje oppgåve. Fredagen blir sjølv gjennomføringsdagen.

Helsing oss på 10.trinn

VURDERINGAR

Veke	Fag, innhald
7	Norsk munnleg 10AB
8	Norsk munnleg 10AB
	Samfunnsfag 10BC
	Naturfag 10 ABCD

HEIMEARBEID VEKE 7																																
Norsk	10AB: Arbeid med den munnlege vurderinga i norsk.																															
Engelsk	Complete the task on Teams. Leseframdrift on the text “Born a crime”																															
Matematikk	REPETISJONSOPPGÅVER Oppgåveboka s. 98, oppgåve 1, 2, 3, 4, 5, 10 og 11 Ta med deg regelboka/bøkene og Grunnboka heim. Bruk eksempel og oppgåver du har gjort tidlegare for å løysa oppgåvene. Ta bilete av lekse di og last opp på ON under heimearbeid veke 7																															
Samfunnsfag	Les side 107-117 i Arena 10. Fyll ut tabellen under. <table><tr><th>Hending</th><th>Kort oppsummering</th><th>Årsaker til</th><th>Konsekvensar av</th></tr><tr><td>Koreakrigen</td><td></td><td></td><td></td></tr><tr><td>Vietnamkrigen</td><td></td><td></td><td></td></tr><tr><td>Våpenkappløpet</td><td></td><td></td><td></td></tr><tr><td>Cubakrisa</td><td></td><td></td><td></td></tr><tr><td>Berlinmuren</td><td></td><td></td><td></td></tr><tr><td>Sovjetunionen går i oppløysing</td><td></td><td></td><td></td></tr></table>				Hending	Kort oppsummering	Årsaker til	Konsekvensar av	Koreakrigen				Vietnamkrigen				Våpenkappløpet				Cubakrisa				Berlinmuren				Sovjetunionen går i oppløysing			
Hending	Kort oppsummering	Årsaker til	Konsekvensar av																													
Koreakrigen																																
Vietnamkrigen																																
Våpenkappløpet																																
Cubakrisa																																
Berlinmuren																																
Sovjetunionen går i oppløysing																																
KRLE	Urfolksreligionar Les side 316-324 og svar på oppgåve 1-8 på side 324 i “Store spørsmål”. Skriv svara i skriveboka.																															
Naturfag	Vaksinar Teikna korleis ei vaksine verkar på menneskekroppen og skriv ei forklaring til. Omgrep: Vaksine, immunitet, flokkimmunitet Øv deg på å forklara desse omgrepa med eigne ord. Fyll inn forklaringa og bilete i tokolonnenotatet på ON, under kapitelet «Immunforsvaret og vaksinar».																															
Tysk	Me jobbar med grammatikk og eventyr. Sjå ON-Heimearbeid, Woche 7																															
Musikk	I lærarinndelte grupper skal de lage ein protestlåt/rap. Følg oppgåveteksten på OneNote. Sørg for progresjon. Del produksjonen digitalt internt i gruppa, slik at arbeidet ikkje stopper opp om nokon er fråverande.																															
Kantine	Produksjon																															

HEIMEARBEID VEKE 8	
Norsk	10AB: Arbeid med den munnlege vurderinga i norsk.
Engelsk	Complete the task on Teams. Leseframdrift on the text "Australia - The Land Down Under"
Matematikk	Ekstremalpunkt og andregradsfunksjonar og eksponential funksjonar Oppgåveboka s. 85, 2.143, 2.144, 2.145 og 2.146 Ta med deg regelboka og Grunnboka og bruk eksempel for å løysa oppgåvene, dersom du står fast.

	Ta bilete av lekse di og last opp på ON under heimearbeid veke 8
Samfunnsfag	Vel èin episode av podcasten Oppdatert på NRK Radio. 1. Lim inn lenke til episoden 2. Kvifor valte du denne? 3. Kva handla den om? 4. Korleis kan du knyte denne episoden til samfunnsfag?
KRLE	Urfolksreligionar Lag eit tokolonnenotat og definer omgrepa: urfolk, naturreligion, sjaman, noaide, mana, tabu, overgangsritual, samisk religion, munnlege tradisjonar, utrydda og misforstått, urfolksreligionar i dag og globalt fellesskap
Naturfag	Immunforsvaret og vaksinar Gjer oppgåver som du har fått på oppgåveark. Oppgåvene ligg og på ON. Dette er øving til prøven som blir på torsdag 19.02
Spansk	Lekse blir gitt på tysdag i timen. Sjå ON.
Tysk	Leksesjekk på torsdag, sjå ON
Eng fordj	Lever lydfila eller videoen din om yrke og eit vidaregåande-program innan torsdag klokka 12.00.
Musikk	I lærarinndelte grupper skal de lage ein protestlåt/rap. Følg oppgåveteksten på OneNote. Sørg for progresjon. Del produksjonen digitalt internt i gruppa, slik at arbeidet ikkje stopper opp om nokon er fråverande.
Kantine	Planlegging
Friluftsliv	Eigentur denne veka (eller i vinterferien) Framføring veke 11